

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2015	Formannskapet i Radøy	PS	28.05.2015
031/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	10.06.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	14/799	15/5584

## Strategisk næringsplan for bergensregionen

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Strategisk næringsplan for bergensregionen 2015-2020 er utarbeidd av Business Region Bergen (BRB) på oppdrag frå BRB sine eigalarar. Den strategiske næringsplanen er ei vidareføring av Strategisk næringsplan for bergensregionen 2010-2014.

#### Målformuleringa som vert lagt til grunn i planen er at:

«Bergensregionen skal innan 2025 vera leiande i Norge på innovasjon, entreprenørskap og berekraftig næringsutvikling».

Strategisk næringsplan er ein plan for kva det offentlege kan gjera for å tilrettelegga for god næringsutvikling i regionen. Det vil seia at planen er kommunene sitt strategiske verktøy. Hovudgrepene i planen er korleis kommunane i bergensregionen og Hordaland fylkeskommune best mogleg kan legga til rette for at næringslivet i regionen skal kunna veksa og utvikla seg på ein god, lønnsam og berekraftig måte.

Forslag til plan vart tidlegare i år sendt ut til høyring for formannskapa i kommunane samtidig med generell høyring. Moment frå høyringsrunden er no innarbeidd i justert planforslag som no vert lagt fram for endeleg vedtak i kommunestyra.

### Kort presentasjon av planen

**Korleis kan kommunane i bergensregionen og Hordaland fylkeskommune legga forholda til rette for at næringslivet i regionen skal kunna veksa og utvikla seg på en god, lønnsam og berekraftig måte?**

Strategisk næringsplan er ein plan for kva det offentlege kan gjera for å tilrettelegga for god næringsutvikling i regionen. Det vil seia at planen er kommunane sitt strategiske verktøy. Planen skal sikra at alle BRB sine eigarkommunar har felles mål og strategiar for næringsutviklingsarbeidet, slik at regionen i størst mogleg grad handlar og framstår samordna med den klare forvissing om at dette aukar sjansane for at regionen utviklar seg i ønskt retning.

Felles visjon, mål og strategiar for næringsutvikling er eit godt utgangspunkt for å få ein samla og dynamisk region som i felleskap skapar vekst og utvikling. Bergensregionen er ein liten aktør i global samanheng, men ein stor aktør innan gitte næringssegment. På den globale arena har me større mogleghet til å lukkast dersom me står samla bak ein felles strategi, slik at kommunane i regionen går i same retning.

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd ein regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. Denne er retningsgjevande for arbeidet med hverande plan. Dei viktigaste føringane frå denne planen er at den er næringsnøytral og vektlegg tre hovudstrategiar:

- Meir entreprenørskap
- Fleire med relevant kompetanse
- Ein velfungerande bergensregion med attraktive regionale sentre

Planen er utforma som eit dokument som svarar på næringslivet sine behov og forventningar innan dei rammer der det offentlege meiner dei kan og ønsker å bidra. Dette er så manifestert i eit sett av **fokusområde** med tilhørende målformuleringar som det kommunane skal ta tak i samla og/eller kvar for seg. Det er utarbeidd ein eigen tiltaksdel som skal rullerast kvart anna år. Kvart enkelt tiltak får ein eksplisitt tiltakseigar som blir ansvarleg for realiseringa av tiltaket.

#### **Planen er bygd opp slik:**

Næringsnøytral presentasjon av næringslivet i regionen. Kapitlet indikerer likevel tydeleg kvar regionen har størst vekstpotensial og dei største komparative fortrinn. I kapitlet vert det argumentert med kvar regionen kan ta strategiske posisjonar. Kapitlet er utdjupa i eige vedlegg.

Planen trekkjer opp linene for kva næringslivet sjølv har kommunisert er deira behov for bidrag frå det offentlege. Hovudkjelda for dette kapitlet er Bergen Næringsråd sitt løpende kartleggingsarbeid, samt innspele frå NHO Hordaland knytt til resultat frå NHO sine årlege undersøkingar «kommune-NM» og «nærings-NM».

#### **Seks fokusområde der det offentlege kan gjera ein innsats for å møta næringslivet sine behov.**

- Næringslivet sine rammevilkår
- Fysisk og sosial infrastruktur
- Effektive offentlege tenester
- Bygga regionalt omdømme
- Utdanning og forsking
- Innovasjon, entreprenørskap og endring

Kvart fokusområde er omtalt med mål og strategiformuleringar. Fokusområda dannar grunnlaget for tiltaksplanen. Fokusområda skal gjennom politisk behandling.

Tiltaka skal vera påbegynt og helst gjennomført dei neste to åra. Det er lagt som ein føresetnad at tiltaksplanen vert rullert kvart anna år. Tiltaka er knytt til ein tiltakseigar som skal utarbeida omtalar som dekkar kvifor dette tiltaket skal gjennomførast. Eigarkommunane har gitt Business Region Bergen ansvar for oppfølging av tiltaksplanen. Tiltaka skal behandles politisk.

#### **Kort om prosessen og vidare arbeid**

Business Region Bergen har hatt ei leiande rolle i å få utforma planen, men planen er blitt til gjennom eit utstrekkt samarbeid mellom ulike interessenter som representanter frå kommunene, nettverksorganisasjonane, Norwegian Centres of Expertise (NCE'ene), næringsorganisasjonane, NHO, LO og universitets- og høgskulesektoren i regionen. Viktige representantar for desse har utgjort Arbeidsgruppe og Referansegruppe for arbeidet med planen saman med representanter frå kommunane (inkl. Hordaland fylkeskommune). Det framlagte dokumentet er såleis eit omforeint forslag frå alle aktørane i prosessen. Samarbeidsproduktet er ytterlegare styrka gjennom konstruktive og forpliktande innspele i høyringsrunden.

Innkomne høyringsuttalar har gitt si tilslutning til hovudgrepene i planen. Vidare er hovudvekta av merknader knytt til tiltaka i tiltaksdelen. Merknadene er i all hovedsak imøtekome. Gjennom innkomne merknader har tiltaksdelen blitt betydeleg konkretisert og styrka. Alle tiltak har no ein ansvarleg tiltakseigar, slik planen «krev».

Ved å etablera ein felles mål- og strategiplan for næringsutvikling vil kommunane utvikla betre samhandling overfor næringslivet. I all hovedsak vil viktige tiltak for iverksetjing av mål og strategiar i planen bli følgd opp gjennom eigne handlingsplanar frå kommunane eller frå grupper av kommunar som t.d. gjennom Regionrådet i Nordhordland / NUI.

Det har pågått parallelle planprosessar mellom Strategisk næringsplan for bergensregionen og Nærings- og samfunnsplan for Nordhordland og Gulen. Den sistnemte planen vil såleis vera ei tydeleg oppfølging av

Strategisk næringsplan.

I tillegg vil nettverksorganisasjonar, næringslivet sine organisasjonar og FoU-institusjonar utarbeida og gjennomføra eigne tiltak som understøttar målsetjingar og strategiar i Strategisk næringsplan for bergensregionen.

På nokre område vil det vera rasjonelt for kommunane å gå saman om å følgja opp mål og strategiar gjennom **felles tiltak**.

Den enkelte kommune si eventuelle deltaking i prosjekt må avklarast i ordinære budsjettprosessar. I tiltaksdelen har det enkelte tiltak ein klart definert tiltakseigar. Tiltaka er prosjekt med eit start- og sluttidspunkt.

Kommunen er invitert til å koma med tilleggsuttale til planutkastet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune gjev si tilslutning til Strategisk næringsplan for bergensregionen 2015-2020, inklusivt Tiltak 2015-2016. Kommunen vil søkja å innarbeida planelementa i eigne kommunale planar der dette er relevant.

#### **Formannskapet i Radøy - 042/2015**

##### **FS - handsaming:**

Formannskapet drøfta næringsplan for bergensregionen.

Det vart peika på behov for å få utarbeidd ein kortversjon av planen. Frode Hervik (V) kom med protokolltilførsel om å oppmoda BrB til å laga ein kortversjon.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med protokolltilførsel sett fram i møte.

##### **FS - vedtak:**

Radøy kommune gjev si tilslutning til Strategisk næringsplan for bergensregionen 2015-2020, inklusivt Tiltak 2015-2016. Kommunen vil søkja å innarbeida planelementa i eigne kommunale planar der dette er relevant.

Business Region Bergen vert oppmoda om å laga ein kortversjon av næringsplanen for bergensregionen.

#### **Kommunestyret i Radøy - 031/2015**

##### **KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

##### **KS - vedtak:**

Radøy kommune gjev si tilslutning til Strategisk næringsplan for bergensregionen 2015-2020, inklusivt Tiltak 2015-2016. Kommunen vil søkja å innarbeida planelementa i eigne kommunale planar der dette er relevant.

Business Region Bergen vert oppmoda om å laga ein kortversjon av næringsplanen for bergensregionen.

**Vedlegg:**

Strategisk næringsplan bergensregionen 2015-2020  
Strategisk næringsplan bergensregionen tiltak 2015-2016  
Samla høyringsuttale kommunane